

Forprosjekt Digitalisering

Digitalisering er eit viktig satsingsområde i HVL. Dette er stadfesta i fusjonsplattformen, og det er stadfesta gjennom opprettinga av eit forprosjekt og vidare eit hovudprosjekt for digitalisering i fusjonsprogrammet. Dette skal sikre at HVL når målet om å bli ein digital høgskule på vestlandet. Forprosjektet har fått oppdraget å starte dette arbeidet og definere utgangspunktet for eit større og meir omfattande hovudprosjekt. Det tyder at forprosjektet skal løfte blikket og ikkje gå for langt ned i detaljerte tilrådingar. Samstundes skal ikkje forprosjektet vere så overordna at det ikkje kan lesast ei retning ut av arbeidet eller at det ikkje dannar ein grunnmur den digitale høgskulen kan byggast på.

Forprosjektet leverer med dette sitt arbeid. Forslag til prosjektmandat for hovudprosjektet «Digital høgskule på Vestlandet» er det interimstyret skal ta stilling til. Dette kviler på utgreiingar og analysar presentert i sluttrapporten som igjen byggjer på arbeidet med delleveransane definert i mandatet. I dette saksframlegget presenterer prosjektgruppa korleis den har arbeidd for å kome fram til leveransane som er vedlagte, kva avgrensingar og val som er tekne i samband med operasjonalisering av mandatet, grunnlaget for arbeidet med kartleggingar, og ei oppsummering av innspeil som er komne i samband med høyring av sluttrapporten.

Prosjektgruppe

Prosjektgruppa har god representasjon frå dei tre fusjonerande høgskulane med representantar frå leiing (dekan og instituttleiarar), fagtilsette frå ulike fagmiljø, forskingskompetanse, studentar frå dei tre høgskulane, og ekstern støtte frå Deloitte. Det er likevel nokre funksjonar som manglar i prosjektgruppa for å kunne representer heilskapen i HVL og breidden i mandatet. Dette gjeld særskild representasjon frå administrasjon, IT og bibliotek. Dette er årsaka til at prosjektgruppa har hatt eigne dialogmøter med desse tre gruppene.

Prosjektgruppe forprosjekt digitalisering

Monica Wammen Nortvedt (prosjektleiar)	HiB
Sigurd Loven Kirkebø (ekstern prosjektleiar)	Deloitte
Tarjei Heggernes	HiB
Morten Fahlvik	HiB
Dagrun Kyrkjebø	HiSF
Grete Netteland	HiSF
David Parmentier	HiSF
Aslaug Grov Almås	HSH
Einar Kolstad	HSH
Henriette Michalsen (Studentrep.)	HSH
Øyvind Hatland (Studentrep.)	HiB
Marie Von Hirsch (Studentrep.)	HiSF
Solveig Råheim Grønsdal (prosjektstøtte - fusjonsprogrammet)	HSH

Mandat og avgrensing

Oppgåva til forprosjektet har vore å medverke til at interimsstyret skal kunne ta strategiske vegval når det gjeld digitale satsingar, og leverer hermed eit samla grunnlag for etablering av hovudprosjekt «Digital høgskule på Vestlandet» til interimsstyret for den nye høgskulen. Forprosjektet har blitt bedt om å sjå på løysingar både for den faglege og den administrative verksemda. Leveransane er delt opp i ein hovudleveranse og fleire delleveransar.

Hovudleveranse

Rapport til interimsstyret som grunnlag for prioritering av strategiske satsingar på digitalisering i den nye høgskulen.

Delleveransar

1. Kartlegging av erfaringane i HiSF, HSH og HiB knytt til digital samhandling, digitale administrative verktøy, digitalt støtta undervisning og forsking med og om digitale verktøy og prosessar
2. Kartlegging av eksisterande infrastruktur og verktøy/programvare (i samarbeid med Sikker Drift) knytt til digital samhandling, digitale administrative verktøy, digitalt støtta undervisning og forsking med og om digitale verktøy og prosessar.
3. Internasjonal og nasjonal kunnskapsstatus knytt til digital samhandling, digitalisering av administrative arbeidsprosessar, digitalt støtta undervisning og forsking med og om digitale verktøy og prosessar – kva veit vi, kva bør vi vite, kva kan vi forvente framover?
4. Identifisering av utviklingsbehov på kort, mellomlang og lang sikt (når det gjeld rom/utstyr, prosedyremessig/fagleg/kompetansemessig, organisasjon og kultur) for Høgskulen på Vestlandet
5. Organisasjonsmessige og økonomiske implikasjonar av planen
6. Følgjeforskning i utvikling og implementering av «Digital høgskule på Vestlandet» som virkemiddel i visjonsrealiseringa og som grunnlag for prosess for etablering av forskingsmiljø knytt til fleksibel læring.

Mandatet til dette forprosjektet er breitt og omfattande, og kan løysast på ulike måtar.

Prosjektgruppa har gjort to viktige avgrensingar i operasjonaliseringa av mandatet. For det første har prosjektgruppa valt å løfte blikket og fokusere på strukturar, leiing, og prosess meir enn på verktøy og detaljerte tiltak. Årsaka til dette ligg delvis i digitaliseringa sjølv – konkrete tilrådingar og detaljerte trendanalysar vert fort utdaterte, skal ein kunne vere fleksibel og strukturerert nok til å lukkast med ei digital satsing må strukturar og rammer rundt dette vere på plass. I tillegg har kartlegginga i delleveranse 1 og 3 synt at mangel på styring og leiing av digitalisering nettopp er noko av hovudproblemene i digitalisering i UH-sektoren.

Den andre viktige avgrensinga prosjektgruppa har gjort gjeld den eine delen av oppdraget – det å sjå på administrative løysingar. Administrative arbeidsprosessar og administrative verktøy er omgrep som dekker ei rekke område, målgrupper og funksjonar, og som grenser inn mot det faglege arbeidet på meir enn ein måte. Digitalisering på dette feltet har me kalla grunnleggjande digitalisering og har som hovudmål å gjere arbeidsprosessar lettare og meir effektive. Mykje av den framtidsretta utviklinga og digitaliseringa avheng av korleis HVL vert organisert både når det gjeld leiing, fagleg organisering og administrativ organisering. Dette vert ikkje avgjort før januar/februar 2017. Gjennom prosjektet Sikker Drift er fokuset på overgangen frå tre til ein høgskule 1.januar, og utviklingsarbeidet innan administrasjon er lagt i større grad til prosjekt administrative tenester etter at overgangen er sikra og organisering vedteken. På grunn av denne situasjonen har prosjektgruppa

valt å skildra digitalisering av arbeidsprosessar på eit meir generelt grunnlag, og har ikkje gått djupt ned i kartlegging av eksisterande strukturar og arbeidsmåtar. Dette arbeidet vert lagt til hovudprosjektet.

Prosess

Arbeidet i prosjektgruppa har i stor grad vore gjort i fellesskap. Kartleggingane er utførte av delgrupper i prosjektgruppa, og sluttrapport og hovudprosjekt har vore gjennom grundige revisjonsprosessar.

Grunnlaget for kartleggingane er ulikt for dei ulike delleveransane. Delleveranse 2 er bygd i stor grad på ein oversikt over system og verktøy i dei tre høgskulane utarbeidd av Sikker Drift-prosjektet, i tillegg til ei spørjeundersøking sendt til alle dekanane ved dei tre høgskulane. Delleveranse 3 – der ein kartlegg nasjonal og internasjonal kunnskapsstatus på ei rekke område – er bygd på eit utval av artiklar, rapportar, stortingsmeldingar, samt utgreiingar og kartleggingar av UH-sektoren og ber dermed preg av å vere ein litteraturstudie. Delleveranse 1 er bygd på ei rekke kjelder, både erfaringar frå medlemmer i prosjektgruppa, innspel frå studentar via studentrepresentantane i prosjektgruppa, innspel som kom fram i innspelsveka (17.10-25.10), oppsummering av diskusjonar rundt temaet digitalisering i fokusgruppeintervju gjennomført i regi av prosjekt fagleg plattform, profil og strategi, samt validering av funna gjennom rapportar som digital tilstand 2014 som tek føre seg heile UH-sektoren i Noreg og andre kartleggingar gjennomført i sektoren. Prosjektgruppa har ikkje sett i gang eigne store datainnsamlingar men bygd framstillinga i delleveranse 1,2,3 på det som føreligg og har framkome gjennom fusjonsprogrammet. Delleveranse 6 har ved hjelp av biblioteka kartlagt publikasjonar relatert til IKT/digitalisering i undervisning ved dei tre høgskulane, i tillegg til ei oversikt over trendar og mogelegheiter for å etablere eit forskingsmiljø knytt til fleksibel læring basert på dei eksisterande miljøa i det som blir HVL.

Progresjonen i arbeidet i gruppa har grunna tidspress ikkje vore lineær, så sjølv om det er ei naturleg oppbygging av arbeidet gjennom delleveransane i mandatet, har prosjektgruppa arbeidd parallelt med alle delleveransane og sluttrapporten. Dette har ført til at dokumenta har gjensidig påverka kvarandre på ein dynamisk måte.

Høyring

Utkast til sluttrapport var på høyring i 10 dagar i slutten av november. Det kom inn til saman 25 høyringsinnspele, 8 frå HSH, 5 frå HiSF, 11 frå HiB og eitt felles. Dei mange høyringsinnspele syner at rapporten har vore gjennom ein brei prosess i HVL, og det er lagt mykje arbeid i innspela. Innspela syner og stor «strekk i laget», det er store skilnader mellom dei ulike innspela. Nokre innspel skildrar rapporten som god, medan eit anna innspel skildrar rapporten som eit mangefullt grunnlag for prioriteringar i styret.

Det er krevjande å gje eit samandrag av innspela, men vi freistar likevel å trekke fram nokre punkt vi meiner går igjen. For fleire detaljer viser vi til at alle innspela, som er lagt ved saka.

Dei fleste innspela understreker at det er viktig at HVL arbeider strukturert med digitalisering, og dei fleste stiller seg og bak hovudtrekka i rapporten si skildring av mogelegheiter og utfordringar. Vi

meiner og at dei fleste innspela stiller seg bak satsingsområda grunnleggande digitalisering, styring og leiing av digitalisering og kompetanse. Innspela stiller seg og bak behovet for ei styrka, tverrfagleg støtte til dei som skal undervise, men det er ulike syn på korleis dette bør organiserast.

Prosjektgruppa har brukt mange av høyringssinnspelet til forbetring av sluttrapporten, og vil tilrå at alle høyringssinnspelet ligg ved i den vidare sakshandsaminga, og verte overlevert til hovudprosjektet som ein del av dokumentasjonen av situasjonen på digitalisering.

Leveranse til interimstyret

Prosjektgruppa leverer hermed sluttrapport for forprosjektet (vedlegg 1). Denne bygger på kartleggingane som er gjort i samband med delleveranse 1,2 3 og 6. I sluttrapporten vert mogelegeheter og utfordringar for digitalisering i HVL skildra, og basert på dette skisserer prosjektgruppa tilrådde satsingsområde. Kartleggingane er vedlagt sluttrapporten. Høyringssinnspelet til sluttrapporten er vedlagt som eige dokument. (vedlegg 2).

Basert på sluttrapporten har prosjektgruppa laga eit forslag til mandat for hovudprosjektet «Digital høgskule på Vestlandet» (vedlegg 3). Dette dokumentet dekker delleveranse 4 og 5. Forslag til hovudprosjekt skisserer rolle og oppgåver til ei styringsgruppe, ei prosjektgruppe samt tre delprosjekt som skal ta hand om satsingsområda skissert i sluttrapporten. Hovudprosjektet er tenkt ei levetid på eitt år (1.1.2017 til 31.12.2017). Frå 1.1.2018 går digitaliseringsarbeidet over i ein driftsfase og vert handsama i dei strukturane som er etablerte for styring, og etter prinsippa lagde i digitaliseringsstrategien.

Forslag til vedtak

1. Interimsstyret godkjenner sluttrapporten frå forprosjektet.
2. Interimsstyret godkjenner forslaget til mandat for hovudprosjektet.
3. Interimsstyret ber om at prosjektet vert starta opp i januar 2017.